



Kinn kommune

# Havrenes barnehage

Årsplan  
2025



Blåmann: 916 56 002  
Rosa Panter: 916 56 003  
Peter Pan: 916 56 004  
Rødhette: 916 56 005  
5 årsgruppa: 948 83 698  
Kontor: 916 56 001

## Innhold

<b>1.INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2.OM BARNEHAGEN</b> .....	<b>4</b>
<b>2.1. Organisasjonen</b> .....	<b>4</b>
<b>2.2. Barnehagen sitt særpreg og satstingsområde i 2025</b> .....	<b>4</b>
<b>3.BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM</b> .....	<b>5</b>
<b>3.1. Barnehagen sin visjon</b> .....	<b>5</b>
<b>3.2. Omsorg</b> .....	<b>5</b>
<b>3.3. Leik</b> .....	<b>5</b>
<b>3.4. Danning, læring og vennskap</b> .....	<b>5</b>
<b>3.5 Kommunikasjon og språk</b> .....	<b>6</b>
<b>4.BARNS MEDVERKNAD</b> .....	<b>7</b>
<b>5.BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD</b> .....	<b>8</b>
<b>5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering</b> .....	<b>8</b>
<b>5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverky, trafikktryggingsarbeid</b> .....	<b>8</b>
<b>6.SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE</b> .....	<b>11</b>
<b>7.TILVENNING OG OVERGANGAR</b> .....	<b>12</b>
<b>7.1. Når barnet begynner i barnehagen</b> .....	<b>12</b>
<b>7.2. Samarbeid i barnehagen og mellom barnehagar</b> .....	<b>12</b>
<b>7.3. Overgang frå barnehage til skule og SFO</b> .....	<b>12</b>
<b>8.LENKER</b>	<b>13</b>

## 1. INNLEIING

Barnehagane i Kinn kommune vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter. Barnehagen sitt samfunnsmandatet er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø til barnas beste. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med barna sine heimar.

### Kinnbarnehagen

Lokale vedtak gjort av Kinn kommunestyre vil til ei kvar tid vere styrande for drifta og innhaldet i dei kommunale barnehagane. Dette er synleggjort i Kinn kommune sine årlege budsjett og handlingsprogram..

### Fagleg satsing i 2025 er:

I Kinn er alle barn inkludert i fellesskapande leik, aktivitet og undervisning. Oppdraget er å ha ansvaret for, og jobbe for eit raust og inkluderande oppvekstmiljø for alle barn og unge, der mangfaldet og menneskeverdet vert ivareteke og ulikskapar akseptert og verdsett. Fokus vert retta mot arbeid med gode psykososiale fellesskap på alle arenaer forankra i fellesskapande leik og aktivitetar. Vaksne, barn og unge vil saman fremje helse, trivsel og læring og forebygge mobbing, utanforskap og krenkingar (Kari Pape).

I tråd med vårt overordna mål å «Støtte alle barn», og arbeidet vi gjer med inkludering og fellesskap, er det naturleg at vi lærer oss teikn til tale. Dette ei satsing i 2025, saman med andre barnehagar i kommunen.

Barnehagen har òg søkt om regionale kompetansemidlar (REKOPM) I 2025, for å vidareutvikle det faglege arbeidet med leik og inkludering kopla til tilbakemeldingskultur hos tilsette. Kor gode er vi til å gi kvarandre tilbakemelding på om arbeidet vi gjer er i tråd med den faglege standarden vi har sett?

### Årsplanen

Årsplanen er personalet sitt arbeidsreiskap, og dokumenterer val og grunngjevingar i det pedagogiske arbeidet og synleggjer progresjon i barnehagen sitt innhald.

Det vert i tillegg utarbeidd detaljerte månadsplanar som synleggjer korleis barnehagen konkret arbeider med tiltaka som er fastsett i årsplanen.

Gjennom planane får foreldre innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kan sjå samanheng mellom dei konkrete aktivitetane i barnehagen og overordna mål.

Fagleg ansvarleg for årsplanen

Heidi Grande Røys



## 2. OM BARNEHAGEN

### 2.1. Organisasjonen

1,4 årsverk styrarressurs der styrar har barnehagelærerutdanning og Executive master i strategisk leing frå NHH og assisterande styrar har barnehagelærerutdanning, og styrarutdanning frå NHH.

10 årsverk pedagogiske leiarar der alle har barnehagelærerutdanning.

Fleire av våre pedagogiske leiarar har vidareutdanning innan IKT, rettleing og spesialpedagogikk m.m

5 årsverk som fagarbeidar/assistentar fordelt på 6 tilsette, der to er utdanna fagarbeidar to held på med fagarbeidarutdanning våren 2025

Vi har ekstra ressursar knytt til barn med særskilt behov og er heldige å ha stabile, gode vikarar.

### 2.2. Barnehagen sitt særpreg og satsingsområde i 2025

Havrenes barnehage opna 1.september 1988, og offisiell opning var 16.november. Kwart år den 16.november feirar vi barnehagen sin bursdag. I år blir barnehagen 37 år!! Vi har som tradisjon å feire dagen med felles samling, der vi syng bursdagssang og har ulike leikar og bursdagsmat.

Barnehagen ligg fantastisk til ved friområdet Nordnes/Havreneståa, eit område vi ofte nyttar. Vi har m.a etablert ein gapahuk og bål plass i dette området, i samarbeid med foreldregruppa.

Barnehagen har pr 1.januar 2025 63 barn fordelt på 24 barn under 3 år, og 39 barn over 3 år, og 16,4 årsverk. Vi har dette barnehageåret to avdelingar for dei yngste barna i alderen 1-2 år: Rødhette og Peter Pan. Avdelingane Rosa Panter og Blåmann har barn i alderen 2-4 år, og 5 årsgruppa er for dei eldste barna våre

Vi er praksisbarnehage for Høgskulen på Vestlandet, i tillegg til at vi samarbeid med Flora vidaregåande skule og Flora ungdomsskule om utplassering av elevar derifrå. Det er dessverre låg søknad til lærarutdanningane for tida, men vi har ein student frå Høgskulen dette året, i tillegg til samarbeid med ein masterstudent (barnehagelærer).

Satsingsområde 2025 vert gjennomgåande i året: «inkluderande fellesskap». Vi held fram arbeidet frå i fjor. Vinteren -25 har vi «La leiken leve» som fellesprosjekt for alle avdelingane. Dette er tema for den nasjonale barnehagedagen 11.mars, dagen som årleg vert markert over heile landet for å synleggjere kva barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen. Leiken er det som best viser eigenarten til norske barnehagar. For barna er det å legge til rette for, rydde plass til, oppmuntre til og delta i leik, det viktigaste dei tilsette i barnehagen gjer.

I tillegg startar vi altså opp med «Teikn til tale», som tidlegare omtala. Når barn, unge eller vaksne av ulike årsaker ikkje utviklar eit talespråk, har nedsett hørsel, har eit utydeleg talespråk eller kjem seint i gong med å snakke, kan teikn-til-tale støtte læring og utvikling av språklege ferdigheiter.



### 3. BARNEHAGEN SIN PEDAGOGISKE PLATTFORM

#### 3.1. Barnehagen sin visjon

Visjonen til barnehagen er «Saman er vi gode»

**Vårt hovudmål:** Støtte alle barn og unge (Frå Kompetanseløftet 2023)

**Kinn kommune** vil jobbe for eit raust og inkluderande oppvekstmiljø for alle barn og unge, der mangfaldet og menneskeverdet vert ivareteke og ulikskapar akseptert og verdsett.

#### 3.2. Omsorg

Alle barn skal oppleve tryggleik og trivsel i barnehagen, at dei høyrer til. Vi skal ta vare på trongen barna har for omsorg, inkludert trong for kvile og ro. Vi skal vere vaken for uttrykka til barna, og imøtekomme deira trong for omsorg. Vi skal sjå og forstå kvart enkelt barn

I barnehagen skal vi òg utvikle barna si evne til å vise omsorg, der dei skal lære seg å utvikle empati, nestekjærleik, tillit til seg sjølv og andre.

#### 3.3. Leik

Leik er barnets mest dominerande aktivitet, og vi legg stor vekt på den frie leiken i vår barnehage. Barna får både tid og rom for å utvikle leiken hos oss.

Leik og leikeprega aktivitetar i barnehagen fremjer **inkludering i barnefellesskapet**, kreativitet, vennskap, trivsel og læring av språk, sosiale og kulturelle koder og sosiale ferdigheiter. Den leikande fellesskapen står sentralt i vår praksis, og vår hovudoppgåve som tilsette i barnehagen er dermed å sørge for at alle barn får høve til å oppleve seg sjølv om deltakar i fellesskapen

I barnas skapande leik får dei høve til å gi uttrykk for og bearbeide erfaringar og inntrykk, kjensler og erfaringar. I leiken vil barn òg utvikle større forståing for omgrep, og nyansere innhald i omgrepa, oppdage nye samanhengar mellom hendingar og situasjonar, forstå nye samanhengar og dermed nye måtar å oppfatte og forstå sine omgjevnader og fenomen dei oppdagar.

Leiken skal vere mangfaldig i barnehagen. Vi legg til rette for god leik både inne og ute. Det er viktig at ungane får bruke kroppen, og får allsidige opplevingar både i leik og motorisk trening. Vi er så heldige å ha eit fantastisk uteområde, som saman med naturleikeplassen på Nordnes, innbyr til mykje fantasileik i tillegg til motoriske utfordringar i naturens eigne leikeapparat. Våre barn får gode mogelegheiter til å bruke og studere naturen som læringsarena og tileigne seg kunnskap ein ikkje kan få andre stader. Dei er tett på naturen gjennom ulike årstider og i ulikt ver, og erfarer og lærer mykje gjennom det.

Forskning viser at barn i barnehagealder lærer i samhandling og kommunikasjon med andre når dei engasjerer seg i aktivitetar med hovud, kropp og sansar.

Barns læring skjer gjennom leikande tilnærming og er viktig for barnets liv her-og-no, samtidig som læring i barnehagen skal inngå i barns livslange læring og førebuing for skulen. I leik vert fantasi, innleving, kommunikasjon, evne til abstrakt tenking, og evne til å samarbeide med andre stimulert.

#### 3.4. Danning, læring, vennskap og livsmeistring

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.

Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgjast opp. Barnehagen skal medverke til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal òg medverke til at barnet kjenner at det høyrer til i samfunnet, naturen og kulturen.


Vi arbeider med vennskap gjennom heile året. For å utvikle eit vennskap er sosial kompetanse ein av føresetnadane. Korleis får vi ein venn? Vi øvar på turtaking, å dele, vise kjensler, kva er ein god måte å ta kontakt på? I leiken må ein diskutere, forhandle, lytte til kvarandre og inngå kompromiss. Dette er eigenskapar som tek lang tid å utvikle og noko barna treng å øve på, og dei er verdifulle for resten av livet.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad, der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barn vert utfordra gjennom samhandling til å kunne meistre balansen mellom sjølvhevding og det å sjå kva behov andre har. Dei skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing. Barnehagane har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging på dette området, og difor legg vi så stor vekt på arbeidet med vennskap.

### 3.5. Kommunikasjon og språk

Som tilsette i barnehagen kommuniserer vi med barna, heile tida. Helt naturleg tilpassar vi oss til utviklingsnivået til barna. Vi peikar på det vi snakkar om, gjentek ord og brukar korte setningar. Mimikk og gestar er naturleg i tillegg. Etter kvart som barnet utviklar seg, brukar vi meir avansert språk og snakkar i lengre setningar. Nokre barn seier sine første ord i barnehagen, andre møter norsk for første gang. Her går det barn som ikkje brukar så mange ord endå og barn som treng ekstra støtte for å lære seg eit språk. Vi må difor bruke mange verkemiddel for å støtte barna si språkutvikling.

ASK står for alternativ og supplerande kommunikasjon. ASK er når vi brukar noko anna, eller noko i tillegg til talen, i kommunikasjonen som skjer ansikt til ansikt. ASK kan vere grafiske symbol, handteikn eller anna som delvis eller heilt erstattar, støtter eller stimulerer tale (Statped). Vi jobbar òg med å breidde vi ut språket vårt ved å nytte førmatematiske omgrep i vår samtale og samhandling med barna. Døme kan vere over, under, bak, framfor, stor, større, størst, tung, tyngre, tyngst osv. I tillegg kjem satsinga teikn til tale, som omtala tidlegare.



#### 4. BARNS MEDVERNAD

Barnehagelova, Grunnlova og FN sin barnekonvensjon seier alle noko om barn si rett til å påverke kvardagen sin i barnehagen. «Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen» -seier Rammeplanen.

I vår barnehage skjer dette mellom anna ved at barna er med og utformar det fysiske miljøet: Vi lagar leikekrokar etter kva barna interesserer seg for og på deira initiativ. Vi er vakne for, og følg opp, barna sine oppdagingar og utforskingar på tur, og tar det gjerne med inn i avdelinga etterpå.

Vi legg enkelte spørsmål fram til avstemming i barnegruppene, som innhald i samlingsstunder, vere med å avgjere kva grønnsaker vi skal ha til måltidet og nokre dagar innhaldet og organisering av kvardagen. Vi har intervju med dei eldste barna, der dei får seie kva dei tenkjer og meiner om ulike spørsmål og på dei store avdelingane har ein ordensvakt som får vere med å ta avgjerder gjennom dagen. Bursdagen til barnet er òg lagt opp til med stor medverknad frå bursdagsbarnet.

Gjennom at alle får vere med og ytre seg og påverke kvardagen sin, er ein òg med på å skape det inkluderande fellesskapen som vi skal vere.



## 5. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

### 5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering

Systematisk planleggings- og vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon. I løpet av året skal foreldre og andre få informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen. I vår barnehage gjer vi dette slik at kva som har skjedd i løpet av dagen, vert skrive i stikkord på tavlene i garderoben. Vi nyttar òg bilete som dokumentasjon. Kvart månadsbrev oppsummerer erfaringar og læring frå månaden før. Månadsbrev, nyhende og aktuell informasjon vert lagt ut i foreldreappen IST Home-skule/barnehage. Foreldresamtalen er òg sjølvstøtt ein arena for tilbakemelding.

Personalet har faste planleggings- og evalueringspunkt kvar veke, på avdelingsmøtet. Vi planlegg og evaluerer kvar månad, i halvtårsplanen, og på planleggingsdagane gjennom året. Vi arbeider normalt òg fagleg på tvers av avdelingane, i basisgrupper, der vi reflekterer og vurderer eigen praksis.

I tillegg er foreldresamtalane, foreldremøta og FAU-møta viktige arena for tilbakemeldingar frå foreldra på tilbodet vårt.

#### Planleggingsdagar i 2025 er:

17.februar, 2.mai, 14-15.august og 6.oktober.

Vi samarbeidar i løpet av året med fleire ulike instansar utanfor barnehagen, som

PPT (Pedagogisk psykologisk teneste)  
Barneskular der våre barn skal begynne  
Flora vidaregåande skule og Flora ungdomsskule  
Høgskulen på Vestlandet  
Helsestasjonen



### 5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy

#### 5 åringane:

Har ein del eigne opplegg som m.a tal- og språksprell, som legg til rette for ein leikande, men målretta trening i grunnleggjande matematiske omgrep og for utvikling av barnas språklege medvit. Humor, undring, samspel og estetiske arbeidsmåtar er vektlagt.

Skrivedans er ein metode for å gjere barna fortrulege med skriverørslar og bokstavformer. Barna får utvikla grov- og finmotorikken sin. Skrivedans er eit samspel mellom leik, musikk og rørsle.

5 årsgruppa brukar også yoga. Fellesøvingar gir fint samspel, utan å konkurrere. I ein kvardag fylt av mange inntrykk er det trong for ei pustepause, og også støtte til sjølvregulering.



### **Aldersdelte grupper:**

Aldersdelte grupper er for barna på Rosa Panter og Blåmann. Dette er for å gi barna aldersadekvate utfordringar, opplevingar og få til leik og vennskap på tvers av avdelingane.

Kinn kommune er trafikksikker kommune, og hos oss er det **Trafikkgruppa (barn fødd i 2020)** som arbeider med trafikktrygging. Dei nyttar m.a eit opplegg frå Trygg Trafikk. Alle avdelingar har sjekklister for tryggleik når ein er på tur, slik at prosedyre og rutinar vert følgd. Vi orienterer nærare om trafikktryggingsarbeidet på foreldremøte om hausten.



### **Fantorangen (barn fødd i 2021):**

Nyttar «Snakkepakken» som pedagogisk verktøy for leik, aktivitet og språkstimulering. Denne er delt opp i tema som barna kjenner igjen frå eigen kvardag, i barnehagen og heime. Vi bruker konkreta i samlingane og legg vekt på glede og moro i samspel og læring gjennom leik. Barna får sjå, høyre, røre og gjere. Gjennom dei felles erfaringane i samlinga kan barna få grunnlag for inkludering i fellesskapet vidare i leik og samspel.

### **Fantusgruppa:**

Dei yngste på Rosa Panter og Blåmann er saman og leikar ute. Slik byggjer dei og relasjonar på tvers av avdelingane.

Barna er ofte delt i mindre grupper òg dei andre dagane, for slik å kunne legge til rette for aktivitetar på ein betre måte, sjå kvart enkelt barn og ha tid og rom for aktivitetar.

På **småbarnssida** er det felles leik til 08.00, og ein har felles utetid på formiddagen. På våren vil vi starte med å bli kjend på den store avdelinga barnet skal begynne på, gå på besøk, bli kjend med dei tilsette o.s.b.

### **Vi ser ut over oss sjølv:**

Kvart vår brukar vi eit opplegg frå SOS-barnebyar, kalla solsikkeaksjonen. Gjennom dette får barna kunnskap om barn i andre land, og lærer om toleranse, omsorg, likeverd og respekt. Dei får vise solidaritet, og ser at deira innsats betyr noko for andre. Vi nyttar òg bøkene om Kanina og Piggsvinet som handlar om FN's barnekonvensjon, i førebuinga til sommarfesten. Sommarfesten er eit fellesarrangement mellom FAU og barnehagen, der overskottet m.a går til å finansiere fadderbarnet vårt Ackim, frå Zambia.

Fleire av våre barn er tospråklege og/eller har tilknytning gjennom familie til eit anna land enn Noreg. Vi skal markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven, og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. Vi markerer t.d EID al Fitir, samane sin nasjonaldag 6.februar, andre land sine nasjonaldagar (etter ynskje) og FN-dagen 24.oktober.

### Andre pedagogiske opplegg:

Barnehagen har mykje godt pedagogisk materiale, som vi nyttar. Det vi brukar mest er:

“**Tryggleikssirkelen**” som vi brukar for å forstå og møte barna sine behov, spesielt i ein tilvenningsperiode. Det er ein visuell sirkel, der den vaksne er den trygge og sikre «hamna». Når barnet utforskar, prøver det seg vekk i frå den «trygge hamna» (vaksen). Det er då oppe i sirkelen, men treng framleis støtte og hjelp. Når barnet er nede i sirkelen, har barnet trong for vern, trøyst, omsorg og organisering av kjenslene sine.

“**Toleransevindauge**” som kan hjelpe oss med å forklare kva vi ser, kva som skjer og korleis vi møter og støtter barna i dei ulike fasane. Når ein er innafor vindaugget, er ein roleg og klarar å handtere ulike situasjonar. Kjem ein over, går ein inn i forsvarsmodus og er ein under, vert ein stille og lukka. Det enklaste er å vere innafor vindaugget, men ein treng òg å verte utfordra på å vere på grensa eller utanfor, slik at ein kan utvide vindaugget sitt og slik auke si eiga tolegrense.

### Vennskap

Alle avdelingane nyttar opplegget **Venner**: Figurane "Kanin og Piggsvin" leikar saman kvar dag. Dei er bestevenner, men opplever at sjølv gode venner kan bli uvenner iblant. Kva gjer ein då? Og korleis bør ein eigentleg vere med kvarandre? Opplegget hjelper barna med å finne metodar for å løyse slike utfordringar.

### Førstehjelpspakken «Henry» og brannbamsen «Bjørnis»

Kvar november er «beredskapsmånad» med merksemd på å lære førstehjelp og brannførebygging. Vi nyttar Henry og Bjørnis i dette arbeidet. Vi lærer naudnummer 110, 112 og 113.



### Bursdagar:

Vi feirar barnet som har bursdag ved å henge opp flagget ute ved avdelinga, vi lagar krone med glitter og klistremerke. I samlinga på stor side syng ein bursdagssangen og bursdagsbarnet er med og avgjer innhaldet i samlinga. På småbarnssida tenner dei lys på bordet, syng bursdagssangen og «fyrer rakettar». Bursdagsbarnet får òg velje singlar og leik i samlinga, og får hovudmerksemda gjennom heile dagen.

## 6. SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

Foreldre i Havrenes barnehage får tilbod om 2 foreldresamtaler i året, ein om hausten og ein om våren. I tillegg har vi foreldremøte, og ulike foreldresamkome på dagtid utover året.

Den daglege kontakten med foreldra er viktig, så vi ynskjer at barn og foreldre skal bli møtt på ein hyggeleg og imøtekommande måte. Sidan den tilsette ofte er aleine med barna om morgonen og på sein ettermiddag, så er det oftast ikkje rom for å fysisk møte dykk i garderoben. Vi treng difor at ein kjem inn på avdelinga om ikkje vi kan komme i garderoben til dykk. Treng du å snakke med oss om særskilte ting, så ta kontakt via foreldreappen IST Home skule/barnehagen.

Verktøyet **“Snakke saman-vere saman”** er vedtatt brukt i foreldremøte for kommunale barnehagar og skulane i Kinn kommune. Å snakke saman med foreldre om barn, oppvekst og miljø er eit viktig forebyggjande og samlande tiltak for å gje barn gode oppvekstvilkår i kommunen vår. Dei fleste foreldre har nok kjent på ulike utfordringar og bekymringar kring barnet sitt. Korleis sette tydelege grenser på ein god måte? Korleis kan foreldre legge til rette for gode vennskap? Kva gjer ein når barnet får eigen mobil, og korleis oppfører ein seg på nett saman med andre? Kva gjer ein når ungdommen ikkje vil legge seg? Ved hjelp av dialogarka ein nyttar i møta, delar ein erfaringar med andre foreldre og kanskje finne løysingar saman. Jamlege dialogsamlingar kan gjere terskelen for å snakke saman lågare mellom foreldre. Difor snakkar vi saman gjennom oppveksten

Første onsdag i juni arrangerer foreldra, i samarbeid med personalet i barnehagen, sommarfest. Dette er ein fin tradisjon, der barna underheld, vi grillar og kosar oss med mat og gode kaker. Ikkje minst er loddsal og trekkinga av gevinstar svært populært! Noko av overskottet går til å betale for fadderbarnet vårt, Ackim, i SOS barneby i Zambia.

Barnehagelova pålegg barnehagen å ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

**Foreldrerådet (FAU)** er alle foreldra, og kvart år vel dei minst 8 til å sitje i arbeidsutvalet for foreldra.

Eva Linn Aase Eggen (Blåmann), leiar

Mari Hillersøy Eriksen (Rosa Panter) er nestleiar

Vidare er desse med:

Brita Bjørnset og Charlotte Prydz Ottesen frå avdeling Rødhette, Ida Nygård Reksten og Margreth Bjørkum frå avdeling Peter Pan, Daniel Notø frå avdeling Rosa Panter, Monica Ryland frå avdeling Blåmann, Siv Dyrnes og Anne Lise Tefre frå 5 årsgruppa

**Samarbeidsutvalet** er sett saman av

2 foreldrerepresentantar (leiar og nestleiar i FAU), 2 personalrepresentantar: Mariann Hatleset og Vibeke Hellesen, og 2 representant for eigar: styrar Heidi Grande Røys og ein politisk representant frå Oppvekstutvalet Knut Robert Knutsen. Styrar er referent i samarbeidsutvalet.

Ein god  
barndom varer  
heile livet

FN sin konvensjon om barnrettane sikrar at barn mellom anna har rett til omsorg og gode oppvekstvilkår. Kinn kommune vil gjennom «Snakke saman – vere saman» fremme desse rettane ved å styrkje og motivere foreldre i rolla si gjennom dialog og samarbeid.

Du som forelder er den viktigaste personen for barnet ditt. Saman set vi fokus på kva som gir **deg** meistring, styrke og engasjement i rolla som forelder.

Snakke  
saman

Di meining og dine spørsmål knytt til foreldrerolla er viktig. Gjennom dialogarka vert det lagt til rette for å snakke saman om viktige tema gjennom barndommen. Dette skjer på svangerskapskurs, barseltreff og på foreldremøte i barnehagan og på skulen.

Fellesskap med andre barn og vaksne gir barnet ditt sosial kompetanse og kjensle av å høyre til. Vi motiverer foreldre og barn til å vere saman for skape eit trygt miljø for barnet.

Vere  
saman

Snakke saman  
- vere saman

Du er den  
viktigaste  
for barnet ditt

Foreldrerettleiing  
med fokus på dialog og  
fellesskap



## 7. TILVENNING OG OVERGANGAR

### 7.1. Når barnet begynner i barnehagen

I **august** ynskjer vi velkommen til **nytt barnehageår** den 18.august.

I starten av nytt barnehageår har vi merksemda på tilvenning for nye barn, slik at barna skal bli trygge og få tillit til dei vaksne, andre barn og våre rutinar og omgjevnader. Kvart enkelt barn skal føle at dei er velkomne i barnehagen, og at vi set pris at nettopp dette barnet er her hos oss. Viktig er det òg å utveksle informasjon mellom barnehage og heim.

I første perioden har barnet sin primærkontakt, som så langt det er mogleg skal ta imot barnet når det kjem, hjelpe det å komme i leik med andre barn, delta i av/påkledning ol. Vi praktiserer dette til vi ser at barnet begynner å bli trygt. Av erfaring veit vi at tilvenninga kan opplevast ulikt frå barn til barn. Nokre barn glir meir eller mindre rett inn i miljøet frå første dag. Andre barn synes det kan vere utrygt i barnehagen dei første dagane og vil helst ikkje sleppe mor/far av syne. Dei treng tid til å bli trygge i byrjinga og gjev gradvis slepp på mor/far. Begge reaksjonar er like normale.

Vi har oppstartsamtale for nye barn før barnehagestart, og også besøksdag der ein får treffe dei andre barna og foreldra som skal begynne på avdelinga.

Dei barna som alt er ved avdelinga, førebur vi på at nye barn skal komme. Vi gjev dei innsikt i korleis det kan vere å vere ny og framand og vi oppmodar til haldningar og handlingar som støttar og inkluderer nye barn

For barn som allereie går i barnehagen, er det òg ein ny start: På dei to store avdelingane kjem barn frå småbarnsavdelingane over, og kanskje heilt nye barn som skal tilvennast, og «gamle» venner har byrja på skulen. Her må òg gruppene finne si form og «setje seg» på nytt, og vi arbeider med å etablere vennskap og gode relasjonar.

### 7.2. Samarbeid mellom barnehagar

Styrar deltek i leiarnettverket i kommunen, og ein pedagog er med i fagnettverket Sårbare barn.

### 7.3. Overgang frå barnehage til skule og SFO

Kinn kommune har prosedyre for samarbeid mellom barnehagar, heim og skule ved skulestart, og vi føl denne. 5 årsgruppa skal, mellom anna, i løpet av året gjennom felles opplegg for alle 5 åringer i kommunen; «Ta ei potet» på Kystmuseet, på Newtonrommet med tema «Blått eventyr» og dei gjennomfører opplegget «Skrivédans»



## 8. LENKER

Rammeplan for barnehagen: [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](https://www.udir.no)

Temaplan oppvekst i Kinn kommune: [Temaplan oppvekst](#)

